

Helse Førde	Retningslinjer for kontakt med media	Ref.nr.: ORG.09-1		
Overordna org. og ansvar	Informasjon/media	Retningslinje		
Utarbeidd av: Informasjonssjef i Helse Førde	Godkjent av: Adm. dir. Jon Bolstad	Dato: 01.01.2006	Rev.: 1.1 (27.05.2009)	Side: 1 av 5

Innhald:

- 1 Kven reglane gjeld
 - 2 Føremål
 - 3 Hovudreglar
 - 4 Opplysningsplikt
 - 5 Lojalitet
- Informasjon om pasientar ved ulukker (vedlegg)

1. Kven reglane gjeld

1.1

Følgjande retningslinjer gjeld for tilsette i Helse Førde HF, som blir kontakta av massemedia, eller som på eige initiativ tek kontakt med massemedia. Retningslinjene gjeld også for tilsette som på eiga hand kan publisere ytringar på Internett.

1.2

Ved større ulukker, kriser og katastrofer gjeld eigne retningslinjer som er fastsette i beredskapsplanen til føretaket, sjå EK-handboka.

1.3

Brot på retningslinjene vert handsama i samsvar med arbeidsreglementet i Helse Førde si personalhandbok (sjå Helse Førde sitt intranett).

2. Føremål

2.1 Føremålet med desse retningslinjene er å klargjere plikter, rettar, ansvar og lojalitetskrav knytt til arbeidstakarane sin kontakt med massemedia. Retningslinjene skal stimulere til ein planmessig og målretta kontakt med media, for å spreie kunnskap om verksemda, visjonar og verdiar i føretaket.

2.2

Retningslinjene understrekar også plikta til å gje sakleg og aktuell helseinformasjon til ålmenta. I tillegg til å følgje opp dei pliktene som ligg i helselovgjevinga, offentlegheitslova og dei øvrige styringsdokumenta til føretaket, skal retningslinjene for mediekontakt bidra til at omverda får eit balansert og realistisk bilete av verksemda til Helse Førde HF. Mediekontakten skal gje eit positivt bidrag til måloppnåinga i føretaket.

2.3

Retningslinjene skal spesielt sikre at føretaket sin kontakt med massemedia ikkje går ut over rettane til pasientar og pårørande, slik dei er nedfelt i helselovgjevinga (sjå vedlegg 1, og [Lov om helsepersonell m.v.](#), spesielt [kap 5.: Taushetsplikt og opplysningsrett](#), og [Lov om pasientrettigheter](#)). Helse Førde følgjer også prinsippa i [Etiske retningslinjer for statstenesta](#).

3. Hovudreglar

Helse Førde	Retningsliner for kontakt med media	Ref.nr.: ORG.09-1		
Overordna org. og ansvar	Informasjon/media	Retningslinje		
Utarbeidd av: Informasjonssjef i Helse Førde	Godkjent av: Adm. dir. Jon Bolstad	Dato: 01.01.2006	Rev.: 1.1 (27.05.2009)	Side: 2 av 5

3.1 Talsperson for Helse Førde HF på overordna nivå overfor ålmenta, media og styremakter er administrerende direktør eller den han myndiggjer. Direktørar og stabsleiarar, eller den dei myndiggjer, er talspersonar for verksemda innanfor sitt ansvarsområde. Informasjonssjef skal på vegne av Helse Førde si leiing ha ein samordnande, rådgjevande og utførande funksjon for helseføretaket sin informasjonsstrategi, og kan nyttast som talsperson for heile eller deler av verksemda. For andre nivå i organisasjonen er hovudregelen at det er den som har ansvaret fagleg eller organisatorisk som skal uttale seg.

3.2

Førespurnader frå media som går ut over arbeidstakaren sitt ansvarsområde eller fagfelt skal rettast til avdelingssjef eller ansvarshavande direktør/stabsleiar. Dersom det oppstår tvil om kven som er ansvarleg skal informasjonssjef kontaktast.

3.3

Kvar enkelt tilsett kan likevel uttale seg til media om seg sjølv, sin eigen arbeidssituasjon, og sitt eige ansvarsområde, så lenge vedkomande rådfører seg med avdelingssjef eller ansvarshavande direktør/stabsleiar, og så lenge det vert gjort på ein lojal måte (sjå nedanfor om "Lojalitet og lydgheit"), som representant for Helse Førde. Spesielt viktig er det at arbeidstakarar som er urøynde i omgang med media søker rettleiing hjå avdelingssjef, ansvarshavande direktør/stabsleiar eller informasjonssjef før eventuelt intervju.

3.4

Informasjonssjef skal uansett informerast via e-post til redaktor@helse-forde.no eller tlf. 57 83 96 48 når tilsette i Helse Førde får førespurnader frå media, eller har vore intervjua. På si side vil informasjonavdelinga kunne bistå tilsette som vert kontakta av media.

4. Opplysningsplikt

4.1

Tilsette i Helse Førde har opplysningsplikt, og skal følgje [Lov om offentlighet i forvaltningen \(offentlegheitslova\)](#). Det vil seie at dei tilsette alltid skal gje korrekte og tilstrekkelege faktaopplysningar, anten det er til eige verksemd, styresmakter, media, andre verksemder, organisasjonar eller innbyggjarar.

4.2

I nokre samanhengar inneber dette at dei tilsette uoppfordra skal gje faktaopplysningar som er naudsynte for behandlinga av saka. Helse Førde har som spesialisthelseteneste eit særleg ansvar for å formidle kunnskapar om helsestellet, og gje aktuell og korrekt helseopplysning til publikum. Alle medarbeidarar pliktar å bidra konstruktivt i dette informasjonsarbeidet når situasjonen tilseier det.

For omtale av pasientar gjeld eigne reglar om teieplikt, sjå vedlegg.

5. Lojalitet

Helse Førde	Retningslinjer for kontakt med media	Ref.nr.: ORG.09-1		
Overordna org. og ansvar	Informasjon/media	Retningslinje		
Utarbeidd av: Informasjonssjef i Helse Førde	Godkjent av: Adm. dir. Jon Bolstad	Dato: 01.01.2006	Rev.: 1.1 (27.05.2009)	Side: 3 av 5

Medarbeidarar som uttalar seg, eller på annan måte formidlar informasjon til media, styresmakter eller ålmentasom tilsett i Helse Førde HF, har plikt til å følgje opp rettane til pasientar og pårørande, og lojalt følgje føretaket sine prioriteringar og enkeltvedtak gjort i dei ulike styrande organa i Helse Førde HF.

5.0.1

Ytringsfridomen er ein grunnleggjande menneskerett, og tilsette i Helse Førde har den same grunnleggjande ytringsfridomen som ein kvar annan innbyggjar, jf. Grunnlova § 100. Det gjeld også på område som har direkte tilknytning til verksemda. Av omsyn til kravet frå ålmenta til innsyn og informasjon, er det viktig at tilsette i Helse Førde med sin sakkunnskap har adgang til å formidle eit kritisk og kompetent perspektiv i samfunnsdebatten.

5.0.2

Leiinga i Helse Førde skal leggje til rette for ein kultur på arbeidsplassen som sikrar at relevant informasjon – herunder kritiske ytringar – når frem til relevant internt nivå.

5.1 Plikt overfor verksemda

I Personalhandboka for Helse Førde HF står følgjande i 2005 om "Lojalitetsplikt" under kapitlet "Vanskelege personalsaker": *"Arbeidstakarane har ei lojalitetsplikt i sitt arbeidstilhøve. Dette inneber å utføre sitt arbeid pliktoppfyllande, å ikkje utføre handlingar som ikkje er i arbeidsgjevar si interesse, og å fremje arbeidsgjevar sine interesser framfor sine egne."*

5.1.1

Lojalitetsplikta er eit alminneleg kontraktsrettsleg prinsipp, og det følgjer av arbeidsforholdet at det er ei gjensidig lojalitetsplikt mellom arbeidstakar og verksemda. Arbeidstakaren si lojalitetsplikt går ut på at arbeidstakar må opptre i samsvar med interessene til verksemda. Mellom anna skal arbeidstakar ikkje uberettiga omtale arbeidsgjevar eller verksemda på ein negativ måte. Dei tilsette pliktar å følgje dei rettslege reglane og etiske retningslinene som gjeld for verksemda, og å etterkome pålegg fra overordna.

5.1.2

Plikta medfører ikkje noko plikt til å følgje pålegg om å gjere noko ulovleg eller uetisk. Det vil seie at retningslinene aldri må brukast til å dekke over feilhandlingar, interne regelbrot, eller lovbrøt. Slike forhold skal takast opp etter fastsette reglar for avviksrapportering.

5.1.3

Arbeidsgjevar skal på si side sikre at arbeidstakaren sine interesser blir ivaretekne så langt det er mogleg, og leiarar har eit særleg ansvar for å verne arbeidstakarar som avdekkjer og rapporterer kritikkverdige tilhøve.

5.1.4

Det følgjer av lojalitetsplikta at tilsette i Helse Førde skal reise naudsynte motførestillingar før ei avgjerd vert teken, slik at det gjennom saksførebuinga vert presentert eit mest mogleg fullstendig bilete av dei omsyna og verdiane som gjer seg gjeldande. Når avgjerda er teken, følgjer det like klart at avgjerda skal iverksetjast raskt og effektivt innanfor rammene som er gjevne. Det vert ikkje sett på som lojalt å bruke massemedia for i etterkant å få omgjort vedtak fatta på lovleg vis i føretaket. Unntak kan likevel gjerast dersom ikkje pkt. 5.02 har fungert i samsvar med føresetnadane.

5.1.5

Retningslinene skal likevel ikkje avgrense ytringsfridomen den enkelte medarbeidar har som privatperson. Anten ein skriv sjølv, eller let seg intervjuet, må det gå klart fram om ein uttalar seg som representant for ein del av Helse Førde, som tillitsvald eller som privatperson. Arbeidstakaren kan ikkje velje å uttale seg som privatperson offentleg med interne opplysningar som vedkomande berre har fått i kraft av sitt arbeid og si stilling i Helse Førde. I slike tilfelle vil omverda oppfatta vedkomande som representant for Helse Førde, og lojalitetskravet skal då gjerast gjeldande.

Helse Førde	Retningslinjer for kontakt med media	Ref.nr.: ORG.09-1		
Overordna org. og ansvar	Informasjon/media	Retningslinje		
Utarbeidd av: Informasjonssjef i Helse Førde	Godkjent av: Adm. dir. Jon Bolstad	Dato: 01.01.2006	Rev.: 1.1 (27.05.2009)	Side: 4 av 5

5.1.6

Retningslinjene skal ikkje avgrense ytringsfridomen til dei tillitsvalde. Men anten den tillitsvalde skriv sjølv, eller let seg intervju, må det gå klart fram om ein uttaler seg som representant for ein del av Helse Førde, som tillitsvald eller som privatperson. Tillitsvalde har alltid rett til å uttale seg på vegne av dei som dei organiserer, og kan såleis velje å uttale seg som tillitsvalde utan å bli oppfatta som talsperson for Helse Førde. Rettane og pliktene til dei tillitsvalde er ut over dette regulerte av avtaleverket mellom fagforeiningane og NAVO.

5.2 Plikt overfor pasientar

5.2.1

Medarbeidarar som uttaler seg til massemedia skal følgje opp rettane til pasientar og pårørande, ivareta teieplikta og verne om integriteten deira.

5.2.2

I kontakt med massemedia må medarbeidarane vere spesielt varsame når det gjeld opplysningar som kan identifisere pasientar eller pårørande.

5.2.3

Pasientar og pårørande skal skjermast mot uønskt mediekontakt, men medarbeidarane i Helse Førde skal på same tid leggje forholda til rette for pasientar som sjølv ønskjer kontakt med media. Den til ei kvar tid ansvarlege på avdelinga kan vidareformidle spørsmål frå media til pasient eller pårørande. Det føreset at journalisten legitimerer si tilknytning til media. Er det tvil om journalisten sin identitet, skal ein føreta kontrolloppringing, evt. ta kontakt med vedkomande sin overordna. Sjå vedlegg: "Informasjon om pasientar ved ulukker" på neste side.

Informasjon om pasientar ved ulukker

Dei viktigaste reglane om korleis pasientopplysningar skal handterast er nedfelt i helseovgjevinga, spesielt i kapitla om

Helse Førde	Retningslinjer for kontakt med media	Ref.nr.: ORG.09-1		
Overordna org. og ansvar	Informasjon/media	Retningslinje		
Utarbeidd av: Informasjonssjef i Helse Førde	Godkjent av: Adm. dir. Jon Bolstad	Dato: 01.01.2006	Rev.: 1.1 (27.05.2009)	Side: 5 av 5

teieplikt i [Lov om helsepersonell m.v.](#), spesielt [kap 5.: Taushetsplikt og opplysningsrett](#), og i [Lov om pasientrettigheter, Kap. 3 § 3-6](#), Rett til vern mot spredning av opplysninger. Helse Førde følger også prinsippa i [Etiske retningslinjer for statstjenesten](#).

Informasjon om utrykking

Ved ulukker o.l. skal ansvarshavande sjukepleiar ved AMK gje generelle opplysningar om tid, stad og omfang av hendinga ved direkte førespurnad frå media. Media vert deretter vist til politi/lensmann i aktuelt distrikt. **Det skal ikkje gjevast medisinske opplysningar om einskildpersonar i denne fasen.**

Informasjon om pasient

Ved førespurnad om stoda til einskildpersonar skal vakthavande lege (mellomsjiktet eller bakvakt) ved direkte behandlande avdeling gje opplysningar innanfor reglane for teieplikt. Akuttmottaket eller legevaktsentralen har liggande standard skjema for pressemelding når det gjeld stoda til pasientar.

Vanlegvis gjev ein ikkje opp namn på den skadde. Pasienten skal heller ikkje skildrast på ein slik måte at han kan identifiserast av utanforståande. **Opplysningar om personar som har vore med i ulukka må ikkje gjevast før dei pårørande er orienterte.**

Opplysningar skal berre gjevast til journalistar som kan legitimere si tilknytning til media. Er det tvil om journalisten sin identitet, skal ein føreta kontrolloppringing, evt. ta kontakt med vedkomande sin overordna. Opplysningar til massemedia skal gjevast i generelle vendingar:

Tilstand

Pasienten sin tilstand skal omtalast i generelle vendingar som til dømes: «Kritisk», «Alvorleg», «Tilfredsstillande» eller «Svært tilfredsstillande». Det skal i tillegg gjevast karakteristikkk om tilstanden er «Stabil» eller «Ustabil».

Skadeomfang

Når det gjeld skadeomfanget skal vendingane «Alvorleg», «Moderat» eller «Mindre» skade nyttast.

Prognose

Uttale om pasienten sin prognose bør vere svært avgrensa i akuttfasen.

Instruks for AMK sin informasjon til massemedia i samband med ambulansetrykkingar, sjå KS-handboka. For større ulukker, kriser og katastrofar gjeld eigen beredskapsplan.